



Vår ref
2010/261/1/B41

Deres ref:

Saksbehandler
Ola Hage

Dato
18.01.2011

VEDTEKTER FOR KOMMUNALT FORELDREUTVAL (KFU) FOR GRUNNSKULANE I SEL

1. FORMÅL OG ARBEIDSOMRÅDE.

Det kommunale foreldreutvalet (KFU) er eit rådgjevande organ for Driftsutvalet og for administrasjonssjefen

Utvalet (KFU) skal:

- i fyrste rekke ta seg av interessene til foreldra og borna. Dette kan gjerast ved å leggja til rette for auka foreldreengasjement med det siktemålet å gje det einsskilde barnet eit så godt utbyte som råd av skulegangen sin.
- i samsvar med lov og regelverk fremje samarbeidet mellom skulane, heimane og dei som driv barne- og ungdomsarbeid, og dessutan arbeide for eit godt tilhøve mellom skulen og samfunnet.
- uttale seg om saker det får oversendt frå Driftsutvalet, administrasjonssjefen og frå organa ved dei einsskilde skulane.
- drive informasjonsarbeid og vera eit forum for utveksling av røynsler og ideskaping i foreldrerådsarbeidet.
- vera eit bindeledd mellom foreldreråda og den skulefagleg ansvarlege

Utvalet (KFU) kan:

- ta opp saker og uttale seg om tilhøve i skulen og skulesamfunnet.
- vera eit høyringsorgan for Driftsutvalet og administrasjonssjefen i saker der det er aktuelt å innhente synspunkt frå foreldra.

KFU skal ikkje ta opp saker som har med lønns- og arbeidsvilkår å gjera, eller ta avgjerd i saker om einsskilpersonar.

2. ORGANISERING AV DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET (KFU) / VALORDNING.

Utvalet (KFU) skal vera samansett av 2 representantar frå skulane i kommunen. Representantane blir valde for eitt år om gongen på siste foreldremøtet om våren eller

Postadresse
Botten Hansens gate 9
2670 Otta
E-post: postmottak@sel.kommune.no

Besøksadresse

www.sel.kommune.no

Telefon
61700700
Telefaks
61700701

Bank
2105 07 00183
Org.nr
939 617 671

så tidleg som råd etter skulestart om hausten (seinast før haustferien). Det er ønskjeleg at foreldreråda tek omsyn til å sikre ein kontinuitet av KFU gjennom vala sine, slik at ikkje alle medlemmane i KFU vert skifta ut.

Sel KFU skal ha 8 representantar.

Det skal veljast personlege vararepresentantar.

På det konstituerande møtet i det kommunale foreldreutvalet(KFU), som blir halde innan september, blir leiar, nestleiar og sekretær valde.

3. MØTEORDNING.

Møte kan haldast når leiaren, kommunalsjefen eller minst 2/3 av medlemmane krev det. Sakliste med vedlegg skal sendast saman med møteinnkallinga, som og skal sendast til kommunalsjefen.

Innkalling til møte skjer med ei veker varsel.

4. MØTEBOK.

Det skal førast møtebok frå samtlege møte i det kommunale foreldreutvalet(KFU).

Utskrift av møteboka skal sendast til alle medlemmane, driftsutvalet, kommunalsjefen og leiaren i arbeidsutvalet for foreldrerådet ved kvar skule.

5. SEKRETARIAT.

Praktiske ordningar som t.d. kontortekniske tenester, møteinnkallingar, kopiering m.m. kan avtalast med kommunalsjefen/pedagogisk rådgjevar.

6. FELLES FORELDREMØTE.

Det kan haldast felles foreldremøte for alle skulane minst 1 gong pr. år. Innkalling til felles foreldremøte, vedlagt sakliste, skal kunngjerast for alle medlemmar, og med kopi til kommunalsjefen med minst ei veker varsel

.

7. VOTERINGAR.

Saker som krev voteringar, blir avgjorde med simpelt fleirtal. Dersom stemmene står likt, har leiaren dobbeltstemme.

8. MØTE OG TALERETT.

Kommunalsjefen eller representant for han, har møte- og talerett i det kommunale foreldreutvalet (KFU).

Det kommunale foreldreutvalet (KFU) kan ellers be inn personar som ikkje er medlemmar, til å delta på møtet, med talerett dersom det er ønskjeleg.

9. TENESTEVEG/SAKSGANG.

Det kommunale foreldreutvalet (KFU) sender uttaler til Driftsutvalet og til arbeidsutvalet for foreldrerådet ved kvar skule.

10. POLITISK AKTIVITET.

Utvalet (KFU) skal vera partipolitisk nøytralt og ikkje drive noko form for partipolitisk verksemd.

11. DRIFTSUTVALET FASTSET VEDTEKTENE FOR KFU OG KAN ENDRE DESSE